



## **Notat**

Dato: 01.07.2016  
Arkivsak: 2014/1032-40  
Saksbehandlar: jonvoll

---

**Til:**

---

**Frå:** Jon Erik Vollan

---

### **Næringsbarometeret for Hordaland**

Næringsbarometeret er ei årleg undersøking som målar forventningane i næringslivet i Hordaland og Sogn og Fjordane. Føremålet er å gje ei oversikt over- og ei felles forståing av framtidsutsikter og utviklingstrekk i næringslivet. Næringsbarometeret har eksistert sia 2005. Næringsbarometeret har sidan 2013 vore eit fast innlegg med lansering på Nyårsmøtet til fylkesordføraren, med eit breitt publikum av sentrale og viktige leiarar frå offentleg og privat sektor.

Hordaland fylkeskommune har dei siste åra budsjettert med 371.000 kr over fylkesbudsjettet som bidrag til utforminga av Næringsbarometeret (700 Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet), i tillegg medverka med rolla som prosjektansvarleg og leiar på vegne av partnerskapen sia 2011.